

Pressemelding

Oslo, 9. mars 2014

Slutt for Gudbrandsdalslaget i Oslo

På omframtr årsmøte i Gudbrandsdalslaget i Oslo 31. oktober 2013 vart det vedteke å legge ned laget og opprette ei stifting med namn G-Kultur.

Gudbrandsdalslaget vart oppretta i februar 1920, og har såleis eksistert i 94 år. Medlemmene i Gudbrandsdalslaget kom frå alle kommunane i Gudbrandsdalen og mange andre stader. Dei siste 10-15 åra har det vore jamn nedgang i medlemstal og aktivitetar, og det har i eit par års tid vore diskutert å legge ned laget og omdisponere lagsmidlane til anna bruk.

Lagshyttene

Gudbrandsdalslaget har også ei lang historie knytt til lagshytter. Allereie i 1929 leigde laget Haukeli, som låg på Haga gard ved Grini i Bærum. Hausten 1937 kjøpte laget Slakterhytta, som låg i nærleiken av Nordmarkskapellet, og i desember 1952 vart laget eigar av Skjennungstua, som ligg mellom Tryvannstua og Ullevålseter. Skjennungstua vart seld i 1993, og laget kjøpte deretter hytte i Son. Med salget av denne hytta i 2011 vart Gudbrandsdalslaget si 82-årige «hyttehistorie» avslutta.

Stifting

Gudbrandsdalslaget og lagshytta har hatt stor sosial og samfunnsmessige betydning. Etter nedlegginga av laget er det oppretta ei stifting som skal sørge for bruk av lagsmidlane til å gje økonomisk støtte til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stiftinga får også ansvar for arbeidet med å ta fram ein samla skriftleg publikasjon om historia til Gudbrandsdalslaget, ivaretaking og oppbevaring av laget sitt arkivmateriale, lagsfana (frå 1930), soluret frå Skjennungstua (frå 1960) og andre egedelar.

Styret i stiftinga G-Kultur

Kjell Austin, Karen Bleken, Gard Espeland, Knut Hovslien, Nils Kårfald og Lars Ole Ørjasæter. Varamedlemmer er Jorunn Bleken og Bengt Arild Morken.

Kontaktinformasjon:

Nils Kårfald (leiar): nils.karfald@gmail.no / 9175 2772

Kjell Austin (nestleiar): kaustin@online.no / 4150 9460

Lars Ole Ørjasæter (kasserar): lars.ole.orjaseter@getmail.no / 9085 9406